

## **Medfinansiering NORA**

### **Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet ser NORA-samarbeidet som strategisk interessant og vil medvirke til finansiering av samarbeidet. Årleg løyving blir å ta stilling til i den årlege budsjetthandsaminga.
2. For 2009 løyver Vestlandsrådet kr. 100.000 til NORA..

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Det blir vist til protokoll frå møte i Vestlandsrådet 27 mai 2009 i Bergen der rådet gjorde vedtak om å utsette saka om medfinansiering frå Vestlandsrådet til NORA.

Det må òg merkast at tilsvarande søknad var oppe til handsaming i 2006 der Vestlandsrådet gjorde vedtak om å støtte NORA med kr 110.000, sak 18/06. For 2007 og 2008 har rådet overført årleg kr. 100.000 til NORA. Det er ikkje gjort formelle vedtak i høve desse overføringane.

Fylkesrådmannen finn det rett med bakgrunn i utsetting av saka og tidlegare vedtak å orientere litt nærmare om NORA; om Vestlandsrådet sin medlemskap her og kva rolle NORA spelar i ein meir internasjonal samanheng.

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid) er ein grenseregional komité under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram. NORA vert finansiert av Nordisk Ministerråd supplert med eit nasjonalt bidrag frå samarbeidet sine fire deltakarar: Færøyane, Grønland, Island og Kystnoreg. Vestlandsrådet er å rekne som ein del av "Kystnoreg" og som partner i NORA, ikkje den einskilte fylkeskommunen. Det same gjeld for Landsdelsutvalet (LU). Til saman utgjer LU og VR "Kystnoreg" i NORA. Nils R Sandal er oppnemnt av Kommunal- og regionaldepartementet til å sitte i styret på vegne av Vestlandsrådet. Det same gjeld for LU sin representant.

Budsjettet for NORA er i 2008 på totalt 12 millionar norske kroner. Av desse står Nordisk Ministerråd for 7,5 mill danske kroner, resten kjem i hovudsak frå nasjonal medfinansiering og Vestnordenfondet (Vestnordenfondet vart etablert i 1987 for å bidra til utvikling av eit allsidig og konkurransedyktig næringsliv i Vestnorden).

Som det gjekk fram av saka som vart lagt fram til handsaming 27 mai 2009, ber NORA om ei nasjonal medfinansiering til NORA si verksemd for 2009 tilsvarande løyvinga for 2008. For Noreg sin del betyr det ei medfinansiering på kr 700.000 fordelt med kr 500.000 frå Kommunal og regionaldepartementet og kr 100.000 kvar frå Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Vestlandsrådet.

### **NORA - formål og oppgaver**

NORA skal bidra til å styrke samarbeidet i regionen for å gjere Nordatlanten til ein kraftfull nordisk region basert på ei sterk og bærekraftig økonomisk utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å styrke samarbeidet mellom verksemdar og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene. Oppgåva til NORA er:

- å skape politiske og faglege arenaer der nordatlantiske problemstillingar vert drøfta og strategiar og felles initiativ utvikla,
- å formidle og sette i verk prosjektsamarbeid,
- å virke for utvikling i samsvar med nordiske prinsipp for bærekraft og
- å utvikle NORA til ein attraktiv plattform for nordisk samarbeide med nabolanda.

Dei områda som vert støtta er havressursar (maritim og marin sektor), turisme, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, transport og regionssamarbeid elles.

### Fordelar og ulemper

Medlemskap i NORA er med på å styrke det Nordiske samarbeidet. Til saman representerer NORA-landa eit større areal enn fastlandseuropa. Dette gjer samarbeidet òg til eit viktig strategisk samarbeid for Vestlandet. Her må det vidare merkast at NORA arbeider for å auke sitt samarbeid med nabolanda. Dette skjer mellom anna gjennom EU-programmet Northern Periphery Programme (NPP). Det er eit tett samarbeid med EU sitt Nordlege Periferiprogram og NORA. I NPP-programmet deltek òg Skottland (nord) inkludert Shetland og Orknøyane, deler av Irland, Nord-Irland samt deler av Sverige, Noreg og Finland. NORA har elles sidan 2004 styrka samarbeidet vestover med Newfoundland, Labrador, Nunavut og Nova Scotia i Canada.

Den tette koplinga mellom NORA og EU sitt NPP-program synest å spele ei positiv og dynamisk rolle. Mellom anna startar gjerne fleire av kystNoreg sine prosjekt ofte som forprosjekt i NORA og går vidare som fullverdig prosjekt innan NPP-programmet.

Vestlandsrådet deltek i NORA saman med Landsdeltutvalet for Nord Noreg (Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark) og til saman utgjer vi som sagt Kystnoreg. Med omsyn til det aukande fokuset på nordområda både nasjonalt, innanfor EU og i ein global samanheng, vil Vestlandet si deltaking i NORA truleg òg vere med å styrke den strategisk territoriale dimensjonen.

NORA sitt tematiske fokus med havressursar, klima og miljø, reiseliv, transport og IKT burde òg samsvare nokså godt med Vestlandet sine strategiske satsingar. Likeså den rurale dimensjonen som ligg både i NORA og i NPP-programmet.

Kva vil så ulempa vere med vår deltaking i NORA? Deltaking i NORA set krav til ressursar for å delta og å følge opp arbeidet – slik det gjer for deltaking i andre internasjonale nettverk og fora. Og fondet som NORA har til å dele ut - primært til prosjektstøtte - er ikkje så veldig stort, ca 12 mill norske kroner, resten går til drift av sekretariatet (som ligg på Færøyane) og til nettverksarbeid elles (seminar, møter, studie, osv). På den andre sida vil den norske nasjonale finansieringa – inklusiv Vestlandsrådet og LU - vere etter måten liten når ein tek omsyn til at Kystnoreg får rimeleg bra utteljing på sine prosjektsøknader.

Det ligg elles eit potensiale i å marknadsføre ordninga betre både Nord-Noreg og på Vestlandet.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen ser det som ønskjeleg at Vestlandsrådet løyver kr 100.000 som del av ei nasjonal medfinansiering. Dette mellom anna for at NORA kan få auka porteføljen til aktivt prosjektsamarbeid i det Nordatlantiske området. Fondet som Nora disponerer burde ideelt sett ha vore større for betre å kunne utnytte potensialet som ligg her. I denne saka ser fylkesrådmannen likevel ikkje dette som tema for debatt no.

Fylkesrådmannen ser elles NORA-samarbeidet som strategisk interessant. Dette gjeld både den geopolitiske plasseringa både i forhold til det auka fokuset vi i dag ser på nordområda generelt og i forhold til potensialet for auka samarbeid vestover mot den austlege delen av Canada. Men òg tematisk er som sagt eit medlemskap i NORA interessant; der NORA sine satsingsområde bør samsvare svært godt med strategisk viktige område for Vestlandet.

Fylkesrådmannen forstår det elles slik at den nasjonale medfinansieringa det no vert søkt om, er tenkt som ei fast finansiering framover. Fylkesrådmannen vil derfor invitere Vestlandsrådet til å

gjere eit meir intensjonelt vedtak om årleg støtte, men med endeleg vedtak i samband med den årlege budsjetthandsaminga.

Samstundes må rådet ta stilling til ei løyving for 2009 innanfor den allereie vedtekne budsjetttramma. I møtet den 26.02.09 gjorde rådet slikt budsjettvedtak:

1. Vestlandsrådet set av midlar til følgjande tiltak:
  - 100.000 kr til disposisjon for generelle tiltak/drift av rådet.
  - 200 000 kr. til felles fylkesutvalsmøte.
  - 250.000 kr til "Ekspressbuss Vestlandet".
2. Resten av midlane vert sette av til andre tiltak i regi av Vestlandsrådet, og vil bli fordelte i løpet av året.

Med utgangspunkt i pkt. 2 i vedtaket skulle det vere rom for å løyve midlar til NORA i 2009.

### **Tilråding**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet ser NORA-samarbeidet som strategisk interessant og vil medvirke til finansiering av samarbeidet. Årleg løyving blir å ta stilling til i den årlege budsjetthandsaminga.
2. For 2009 løyver Vestlandsrådet kr. 100.000 til NORA..